

om i verda – og det kjem vel ikkje som noka bombe at dei fleste kjem frå USA.

Staten New York har ei rekkje underlege lover. Det er ikkje lov å kaste ballar på andre sine hovud for gøy (eg lurar på kvifor...), og det er dessutan forbode å snakke til andre personar i ein heis. Ein skal med andre ord stå med andletet vendt mot døra utan å seie eit pip. Den sist-nemnde lova hadde forresten ikkje hatt noka praktisk betydning i Norge, slik som vi skyr å snakke med framande folk...

Eg må ærleg innrømme at eg har store problem med å ta slike lover seriøst. Ein skulle nesten tru at dei som

regulerer lovverket har gått på ein real snurr i godkjenningsaugeblinken. Enten det, eller så seier det mykje om folket, sidan slike lover er nødvendige...

Den mest søkte amerikanske lova må likevel vere den som seier at einkvar som køyrer bil og ser hestar kome mot seg, må stoppe og dekke heile bilen med eit materiale som går i eitt med landskapet. Dersom hestane verkar opprørte, må sjåføren av bilen demontere heile køyretøyet, bit for bit, og gøyme det under nokre busker.

Men det er ikkje bare i USA det finst merkeleg lovgjeving. I Frankrike, for eksempel, strid det mot lova for ein eigar å kalle grisen sin for Napoleon. Og i Storbritannia

kan ein mann som treng å urinere på ein offentleg plass, bare gjere det lovleg dersom han held høre hand på kjøretøyet sitt, og siktar på bakhjulet til kjøretøyet. Er det mogleg?

Til og med i Norge finn ein underlege reglar. I Moss har det ikkje vore lov å bruke hetta på hettegenserar, og i Tromsø er det faktisk forbode å gå i gatene med ein elefant i band! Men det har vel ikkje noko å seie, vil eg tru – for i Tromsø har dei vel bare isbjørnar som husdyr, var det ikkje slik?

abril



biar Kim Gunnar Jensen i krigshistorielaget.

Alle foto: Arve Solbakken.

n nye krigsminne

Tanken er då å informere om arbeidet og få tak i frivillige som kan hjelpe til med rydding og tilrettelegging.

– Det er også alltid nokon som har meir opplysningar og historier om dei tyske anlegga, og desse er vi interesserte i å få kontakt med for å få registrert detaljar for ettertida, seier Kim Gunnar Jensen.

ENTUSIASTANE I LAGET gir honnør til både Flora kommune og fylkeskommunen for godt samarbeid.

– Vi er ein kjerne på 4-5 personar som jobbar dugnad med dette, men vi tek gjerne mot fleire hjelparar, avsluttar Jensen.

Les meir om Flora Krigshistorielag på nett
Adressa er : www.flora-krigshistorielag.com



GRAVEMASKIN: Når Tommy Solheim stiller med gravemaskin går det fort unna.

dyrlegen svarer:

Hanne Husebø Kristensen



■ Eg har lese om ein hunderase som heiter basenji, og som ikkje kan bjeffe. Kva er det med denne rasen som gjer at den ikkje kan gi frå seg lyd?

Helsing Sunniva

Når et menneske pratar, eller ein hund bjeffar, vibrerer stemmebanda i strupen vår. Strupehovudet til ein basenji har ein litt anna anatomi enn hos andre hunder. Delar av blautvevet i strupen er kortare enn hos andre dyr, slik at stemmebanda ikkje i like stor grad kan vibrere. Det er ikkje slik at ein Basenji ikkje kan bjeffe, av og til kan det komme eit boff eller to, men det er sjeldan. Det vert spekulert i om tausheta til basenjen ikkje berre kjem av anatomen i strupehovudet, men og har med å gjere at denne rasen har ein svært høg terskel for når den synest det er naudsynt å bjeffe. Basenjen har sitt opphav i Afrika, og er framleis ein rase som har behalde mykje av den «primitive» karakteren sin. Mange meiner at dette med bjeffinga er noko tamhundane har begynt med, og at til dømes ulven svært sjelden bjeffar. Kan hende var dette med å ikkje bråke unødig ein viktig eigenskap som basenjen har behalde den dag i dag?

■ Hunden min skadde seg under leik for nokre veker sidan, og dyrlegen konstaterte at korsbandet i kneet hadde gått av. Dyrlegen rår odd til å operere kneet, men kan det vere nødvendig? Hunden er ikkje lenger så halt, og klarer seg greitt. Kva meiner du?

Helsing Geir

Eg synest absolutt du skal få hunden operert. Korsbanda i knea stabiliserer kneleddet, så når eitt eller fleire av dei har rivna, vert kneet ustabil. Dette er i første omgang smertefullt for hunden, og dersom det ikkje vert korrigerert, vil det kunne danne seg forkalkinger i leddet. På lengre sikt vert kneet stivare og mykje mindre funksjonelt for hunden. Hunden vil belaste dei andre beina feil for å avlaste det vonde kneet, slik at det kan bli slitasjeskadar i dei andre beina og. For ein stor og tung hund kan eit stivt kne og slitasjeskadar etter kvart vere det som avgjer om han kan leve nokre år ekstra.